

Til
Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep 0030 Oslo

Nokre innspel til ny åndsverklov

Landslaget for lokalaviser vil kome med nokre generelle merknader som vi håpar vil bli tatt med i den vidare handsaminga av ny åndsverklov.

Digitaliseringa gir store framskritt for folk flest, men og mange utfordringar som har konsekvensar for samfunnet.

Kven eig nyheitene, og kven skal ha betalt for arbeidet med å hente dei fram?

Korleis skal lovverket medverke til at dei som produserer, og betaler for å lage originaljournalistikk også får mesteparten av verdiskapinga (lesar- og annonse inntektene) knytt til kostnaden med få fram god journalistikk.

Sjølvsagt kan ikkje noko lovverk løyse dette fullt ut, men det er viktig at åndsverklova blir framtidsretta og kan medverke positivt.

Digitaliseringa gjer at eikvar journalistisk sak kan siterast i eit anna media kort tid etter at den er presentert første gong. Eksklusiviteten er borte.

Store og ressurssterke klassiske medieaktørar og kanskje mest av alt internasjonale gigantar på sosiale medier, kan støvsuge/scanne for eksempel lokalaviser for journalistiske saker og presentere på eigne plattformer som sitat. Sitatretten er slik viktig, og må balansere ulike interesser.

Generelt er nettet er på mange måtar anarkistisk og uoversiktleg, og i praksis er det nærast uråd å verne fullt ut om opphavsretten. Det handlar om å generere trafikk for å få annonseinntekter.

LLA ser det som svært viktig at åndsverklova har som mål å styrke originaljournalistikken, ved å verne om verdiskapinga. Dei som produserer og betaler for å få fram originaljournalistikken må få eit vern mot at andre kan ta den økonomiske gevinsten på deira arbeid.

Balansen mellom opphavar og andre rettighetshavarar som utgjevar må vere slik at det ikkje svekker produksjon av norsk innhald. Elles risikerer vi at stadig færre vil bruke stadig mindre ressursar til å bringe fram god og viktig journalistikk (åndsverk). Det vil ha store negative konsekvensar; det demokratiske samfunnet blir då taparen.

Oslo 1. September 2016

Venleg helsing
Landslaget for lokalaviser

Rune Hetland, generalsekretær